



Roald Vatnøy
Litlevika 33
5914 ISDALSTØ

Referanser:
Dykkar:
Vår: 17/2299 - 17/29614

Saksbehandlar:
Tone Margrethe Berland Furustøl
tone.furustol@lindas.kommune.no

Dato:
20.10.2017

Førebels svar - trong for tilleggsk dokumentasjon - gbnr 219/1 Vike

Tiltak:

Byggjestad: Gbnr: 219/1

Tiltakshavar:

Ansvarleg søkjar: Steffan Vike

Kommunen stadfestar å ha motteke dykkar søknad 20.07.2017. Vi har notert at det i søknad er bedt om at det er de, Roald Vatnøy, som kjøpar som er kontaktperson til kommunen.

Vi viser til telefonsamtale med dykk den 19.10.2017, med dykk der vi fekk avklart følgjande:

I søknaden vert det vist til at parsellen, som søkjast utskilt (ca. 200m²), er tilknytt eksisterande brønn. De opplyste i telefonsamtalen at parsellen allereie har etablert eit borehol til bruk for vassforsyning i tråd med avtale av juni 1999, tinglyst 09.09.2013, samt at vassleidning er lagt i sjø frem til dykkar eigedom gbnr 225/1. Boreholet vert nytta av Forsamlingslokalet på gbnr 219/16 og av dykkar eigedom gbnr 225/1. Vassleidning i sjø vert nytta av dykkar eigedom gbnr 225/1. I følgje dykk vart borehol etablert og leidning i sjø omsøkt i år 2000 av dykkar avdøde bror. De ønskjer nå få utskilt parsellen med boreholet for å få formalisert eigarforholdet til arealet.

Mottakskontroll

Kommunen har kontrollert søknaden og finn at den ikkje er fullstendig. Vi ber om at søknaden vert supplert med følgjande dokumentasjon:

1. Søknaden er mottatt 18.07.2017. Nabovarslet er sendt 18.07.2017. Frist for nabovarsel på 14 dagar er 01.08.2017. Vi ber dykk gjere greie for om det ligg føre merknadar til varsla tiltak og evt. kommentarar til evt. nabomerknadar.
2. Skjema 5155, Gjenpart av nabovarsel, manglar. Skjemaet må sendast inn til oss.
3. Situasjonsskartet må oppdaterast. Vi ber dykk om å påføre situasjonsskartet ytre mål. Den nye eigedomen må målsettast (lengde*bredde) samt påførast avstand til veg slik at vi kan teikna eigedomen inn på kartet. Vi ber dykk markere på kartet kor boreholet er plassert.

Post

postmottak@lindas.kommune.no
Dokumentsenteret
Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø

Kontakt

www.lindas.kommune.no
Telefon +47 56 37 50 00
Telefaks +47 56 37 50 01

Konto 1503 22 54567
Org.nr. 935 084 733

DER DRAUMAR BLIR RØYNDOM



Kommunen ber om at tilleggsinformasjon vert sendt inn **samla innan 06.11.2017**. Dersom informasjonen ikkje er sendt til kommunen innan fristen, vert saka tatt til handsaming ut frå dei opplysningane som ligg i søknaden.

Det vert gjort merksam på at dette ikkje er ein fullstendig gjennomgang av søknaden. Denne tilbakemeldinga er gjort på bakgrunn av dei forholda som er kontrollert ved kommunen sin mottakskontroll. Vi oppmodar søkjar om å ta ein ny gjennomgang av søknaden før innsending av etterspurd dokumentasjon slik at ein unngår ytterlegare forseinkingar i saksgangen.

Sakshandsamingsfrist

Tidsfristar for sakshandsaming går fram av plan- og bygningslova § 21-7, jf. SAK § 7-1/forvaltningslova § 11a.

Gebyr

Gebyr vert rekna ut i frå Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste. Det vert sendt ut krav om gebyr i samsvar med gjeldande forskrift når saka er ferdig handsama.

Med helsing

Siril Sylta
avdelingsleiar

Tone Margrethe Berland Furustøl
rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Roald Vatnøy	Litlevika 33	5914	ISDALSTØ
Steffan Vike	Persenbakken 63	5034	BERGEN

Mottakarar:

Roald Vatnøy	Litlevika 33	5914	ISDALSTØ
Steffan Vike	Persenbakken 63	5034	BERGEN